



Sunnhordland

MÅNDAG 4. SEPTEMBER 2017

NR. 100 – 115. ÅRGANG – LAUSSL KR 25,-

Ser bort frå busskrav

HELGEBUS: Departementet og Fylkesmannen har sett som krav at det må vera busstilbod til klokka 21 i helger i område der ungdom ikkje får fri skuleskyss til vidaregåande skule. Det har Hordaland

fylkeskommune sett bort frå når dei har utvida ordninga på Stord. Håkon Rasmussen, fylkesdirektør for samferdsel, seier dei meiner tilbodet likevel oppfyller intensjonane i lova. **SIDE 10-11**



Kunnskap om diabetesføter

FOTRØBBEL: Diabetes går ut over føtene. Fotterapeut Monica Herskedal har vidareutdanna seg på problematikken. Les meir i temasidene. **SIDE 18-23**

Sprang åleine

SUVEREN: Nær 100 stilte til start på Stordløpet. Men Lars Lunde sprang åleine inn til 43,25. **SIDE 26**

Alle skulle ut!



BONUSSOMMAR: Ut på tur-dagen blei ein stor suksess, i strålande sol og sommartemperatur. Arne Knarvik nyttet høvet til å ta med seg sonen Olve (t.v) og sonen sin kamerat, Ånund McMillan Havn, på kanotur på Skjephaugsvatnet. **SIDE 36**

UTEMILJØ - FLISER - BAD - VARME - SUNNHORDLANDS STØRSTE LEVERANDØR

ENGEVIK BYGGSENTER

Velkommen til vår årlege

MESSE
FREDAG OG LAURDAG

DET SKJER TIL HELGA!

MULTIBLOKK

HEIANE - TLF. 53 41 77 70 - www.engevikbygsenter.no

MENY Hverdagen

ER BEDRE MED MENY

Tilbudene gjelder fra mandag til onsdag

Finn oppskrifter og tilbud på MENY.no eller i **MENY**-appen!

Kjøttdeig 400g. av storf, u/salt og vann **SPAR 35%** **29,90** ord.pris 46,50/pk

Findus ferdigmat stort utvalg **30%**

Eldorado juice 1,5l, alle varianter **SPAR 46-56%** **12,90** ord.pris 23,90-29,90/kr

Norsk brokkoli **9,90** pr stk

Vi tar forbehold om eventuelle tykkelse og prisjusteringar.
Tilbude gjelder 04.09.-06.09.

Skriv om telturen han ald

20 år etter han gav ut si første bok er Atle Hansen aktuell med «Apetryne».

Starten på den nye boka hans, skjer i eit telt. Dei er fleire i teltet, og brått blir hovudpersonen kalla apetryne, som ein spøk.

– Eg var 10, 11 eller 12 år, og vil aldri gløyma det, seier Atle Hansen. 50 år etter telturen ein stad på Moster har forfattaren dikta vidare på historia.

– Dei som egla meg hugsa det sikkert ikkje nokre timar etter – det er slik ungar kan oppføra seg. Men for nokon kan det vera vondt, og noko ein ikkje gløymer.

Positivt i det mørke

– Det er ikkje sjølvbiografisk, men utgangssituasjonen er det, påpeikar han, og legg til:

– No kan det vera at tida har gjort noko med minnet. Men eg trur eg kan hugsa korleis det var å oppleva gode og vonde ting på den tida.

Han vil ikkje kalla det ein mobbehistorie, sjølv om gutane i boka ikkje alltid oppfører seg så fint mot kvarandre.

– Eg ville at det skulle vera eit positiv historie. Det er ofte så svart i mange bøker no for tida, eg ville at det skulle vera noko positivt i det mørke. At det er nokon som ser ein, anten det er far din, eller nokon som du er forelska i.

Dikt i prosa

– Bøkene mine er bevisst lettlesne, men det står ikkje utanpå dei mine at dei er lettlesne. Eg vil ikkje vera med på å setja eit stempel i panna på dei som les lettlesne bøker. Folk som har problem med å stokka bokstavane i rett rekkefølge er ikkje dumme.

– Eg er bevisst på å skriva kort. Eg vil at teksten skal sjå ut som dikt. At folk skal trekkja pusten og lesa noko om igjen, at rytmien i kvar linje og linjefallet, at kvar setning skal ha sin eigen verdi.

– Det er så lett i barnelitteraturen, og elles òg, at språket berre blir eit transportband for handling. Mange bøker handlar berre om å koma fram til målet.

– Det må vera handling så det er kjekt å lesa, men eg meiner det må vera noko medorda som blir brukt som er fint i seg sjølv, som gjer at ein stoppar opp ved ord og setningar.

Prøver å skriva spennande

– Korleis har det vore å vera forfattar i 20 år?

– Eg trur det har vore fint, smiler Atle Hansen.

Sidan han debuterte med Sjørøvar-Jenny og Einauge-Bill på Cappelen i 1997 har han gitt ut om lag éi bok i året. For det meste barnebøker for større ungar.

I Sjørøvar-Jenny og Eineige Bill prøvde han å følga ein Hollywood-formel.

– Den gongen var det veldig lite spenningsbøker på nyorsk. Felles for bøkene mine er at eg prøver å skriva spennande, sjølv om ikkje alle er typisk spenningsbøker.

Flesteparten av bøkene hans er skrivne for dei eldste borna på mellomtrinnet. Ungdomsbøker synest han, til liks med sine gode ven Ragnar Hovland, er ein konstruert og ganske meiningslaus sjanger.

– 15-16-åringar kan like gjerne lesa vaksenbøker. Mange av dei klassiske nynorske vaksenbøkene, som «Sveve over vatna», er jo eigentleg ungdomsbøker, med store ungdommar i hovudrollene, seier han.

Hansen har lese heile livet. I ungdommen var det mest Jack London, Morgan Kane og John

Steinbeck det gjekk i, og før det var det Alexandre Dumas og Americana-litteratur som Hjortefot.

Den største feilen

– Eg er mykje ute på skular og veit at bøkene mine vert mykje lesne der. Men eg skulle jo sjølv sagt ønskt at bøkene blei lese enda meir, og selde i søkk og kav. Kven gjer ikkje det? Men stort sett er eg glad for at eg greier å skriva desse bøkene og få dei gitt ut.

– Den største feilen eg har gjort som forfattar, var å gi ut boka under eige namn, ingen hugsar Atle Hansen, ler Atle Hansen.

For ikkje mange år sidan var det ei av dei store avisene på Austlandet som hadde ein reportasje frå ein skuleturné han var på. Avisa kalla han Atle Nilsen over to sider.

– Men eg er ikkje opptatt av å fremja eigen person, det er viktigare at bøkene blir lese, understrekar Atle Hansen.

Vaksenbok på nyåret


Landsskapet i barnebøkene går føre seg i ein omkrins på 1-2 kilometer frå barndomsheimen på Moster. I vaksenbøkene føregår mesteparten av handlinga i holmane utanfor Moster. Einaste skilnaden er at holmane er større og at det bur folk der.

Forfattaren, som no bur på Stord, kom med si første vaksenbok, Sargasso, i 2003. På nyåret kjem han med si femte vaksenbok, Maria møy, på Wigestrand.

Forfattaren pensjonerte seg frå journalistjobben i Sunnhordland i fjor haust, men turnerer stadig som forfattar og visesongar på skular.

– Det er jo visesongar eg eingentleg er, seier han.

► **Svein Olav B. Langåker,**
Framtida.no



UTANFOR: Atle Hansen debuterte som forfattar som 42-åring. No, 20 år etter, kjem han

No kjem pulverheksa

► **TEATER:** Riksteatret er på vegen med heilt ny framsynning med Maj Britt Andersen og alle kjennigar frå Pulverskogen. Torsdag stoppar dei på Stord.

– Velkommen til ei varm og fargerik framsynning. Enno ein gong er det den barnekjære Spellemannprisvinneren Maj Britt Andersen som spelar Pulverheksa – noko anna ville truleg ført til opprør rundt om i kulturhusa! Og eitt er sikkert: ingen stader er Pulverheksa meir spel levande enn i teateret! Ein spesiell velkomst til alle små og store troll som skal på teater for aller første gong, heiter det i ei melding frå Stord kulturhus.

Riksteatret si framsynning hadde premiere i Oslo i mars, og er no ute på norgesturne. Arrangørane oppmodar alle som har lyst om å kle seg til ball, eller rett og slett berre kle seg ut.



Kåserer om Oselvaren

► **KYSTKULTUR:** Torsdag vert det kåseri ved Kjell Magnus Økland (biletet) på Stord maritime museum. Han er forfattar av det store bokverket «Oselvar – Den levande båten» som kom ut i 2016.

Oselvar er ein klinkbygd, tradisjonell trebåttype frå Hordaland. Båttypen har vakse fram etter ei utvikling som strekkjer seg over fleire tusen år. Oselvaren har tradisjonelt vore nytta som bruksbåt og til kappsegling sidan 1800-talet.

Økland, som opphavleg kjem frå Tysnes, er dagleg leiar for Kystsogevekene. Han gav i 2016 ut boka om oselvaren og var den som skreiv nominasjonsframleggset som forte til at bygging og bruk av båttypen vart ført opp på UNESCO si liste over gode vernepraksisar.

Det er Venelaget for Stord maritime museum og Stord folkebibliotek som er arrangørar.

KUNNGJERING

OSELVAR. DEN LEVANDE BÅTEN, MED EIN STORDVRI

Kåseri ved Kjell Magnus Økland
Stad: Stord maritime museum
Tid: Torsdag 7. september kl. 19.00

Inngangspengar: kr. 100 pr. person.
Det vert enkel traktering.

Arrangørar: Stord folkebibliotek og
Venelaget for Stord maritime museum



SENIORTUR



Onsdag 6. september
går turen til Austevoll
der me skal gå over Midtfjellet
og Kongsen på Selbjørn.
Avreise frå Studalen kl. 08.50.
Ferje frå Sandvikvåg kl. 09.30.
Middelsluttur tur ca. 3,5 timer.
Turleiar Jarle Henvøy,
mob. 993 03 404

STORD-FITJAR TURLAG

STORD



O-LOP

10. Rankingløp
Tysdag 5. september.
Frammøte på Vabakkjen
Start mellom 17.30-18.30

OBS. Ny samlingsplass.
Samlingsplass opp mot
Åsen. Innkøyring opp
i bakken og inn mot
høgre. Alle løyper

SKADETAKST - LAKKERING - BILGLASS



TF 55 41 10 00 • Fax 55 41 02 01 • E-mail: avans@auto-industri.no

KRISTENLIV

Nordbygda Bedehus

Hyggjestund
for oss over 60
torsdag 7. sept kl. 11.00
Velkommen!

Sagvåg bedehus

Tirsdag 5. sept. kl.19.00.
**Open
medarbeidar-
samling**
Ingfrid Byrkja Hystad frå
IMS vert med.
Meir info på nettsida.
Velkommen

sagvagbedehus.no

BRANN 110 POLITI 112 AMBULANSE 113



TUR TIL LUNDARSTØL

m/Stord-Fitjar turlag torsd. 7.9.
Oppmøte v. Essostasj. Leirvik kl. 17.00
(påmeld. tlf. 992 24 023)

FORELDRE OG BARN KAFÉ

laurd. 9.9. kl. 13.00-15.00
i Kulturhuset (underetasje)

SPRÅKKAFÉ

i biblioteket i Kulturhuset onsd. 13.9.
kl. 13.30-15.15. Neste kafé onsd. 27.9.

INTERNASJ. MATKURS

på Leirvik skule:
Torsd. 14.9. 18.-21. portugisisk mat
Torsd. 21.9. 18.-21. palestinsk mat
(påmeld. matkurs Anita 95814241)

HEILDAGSTUR

til USF Verft i Bergen for å sjå kunstnarar i arbeid – tysd. 3.10. (Påmeld.
till Jill innan 25.9, tlf. 952 04 914)

YOGA

m/Linda Breistig i Kunsthallen i
Kulturhuset fred. 6.10. 18.00-20.00
og laurd. 7.10. 10.00-12.00 og 13.00-
15.00. (for meir info. og påmeld.:
tlf. 952 04 914)

HEALING MEDITASJON

m/Lin D. Martin laurd. 7.10. 15.30-
16.00 i Kunsthallen et. yoga (gratis)

TORGET

ARBEID VERT UTFØRT

Snekkerarbeid

Maling, gips, husrenovering,
flislegging og skiferlegging
på Stord og Bømlo.

Tlf. 968 50 924

TIL LEIGE

Leilighet til 1 person ledig.

Delvis møblert. Nær
høgskulen, buss og butikk.
TV og wifi inkl. Straum eksl.
Kr. 5000,- månaden.
Ring 994 57 24

Hus i Sagvåg til leige.

God standar. Ikke røyk og
husdyr. Meir info

tlf. 906 75 953



er eitt lite tømrerfirma.
Vi tar på oss alt innen
tømverket og har lang
tids erfaring. Vi har drevet
med prosjekter som hytter,
hus og tilbygg, og kan
komme med komplette
priser viss det er ønskelig
for kunden. Ta kontakt for
uforpliktende tilbud.

Tlf. 454 50 173

Snekker ledig

Tar også maling, sparkling,
tapetering, beleggingstein,
skifer og fliser.

Ring Skimmenland
eiendom AS. Tlf. 957 58 780



SENIORTUR



Onsdag 6. september
går turen til Austevoll
der me skal gå over Midtfjellet
og Kongsen på Selbjørn.

Avreise frå Studalen kl. 08.50.
Ferje frå Sandvikvåg kl. 09.30.

Middelsluttur tur ca. 3,5 timer.

Turleiar Jarle Henvøy,
mob. 993 03 404

STORD-FITJAR TURLAG

STORD



O-LOP

10. Rankingløp
Tysdag 5. september.

Frammøte på Vabakkjen

Start mellom 17.30-18.30

OBS. Ny samlingsplass.
Samlingsplass opp mot
Åsen. Innkøyring opp
i bakken og inn mot
høgre. Alle løyper

SKADETAKST - LAKKERING - BILGLASS



TF 55 41 10 00 • Fax 55 41 02 01 • E-mail: avans@auto-industri.no



Thomas Dahl & Court



Thomas Dahl - gitar Harmen Fraanje (NL) - piano
Magne Thormodseter - bass Håkon Mjåset Johansen - trommer

Grand Hotell laurdag 9. september kl. 19.00

Bill.: 200,- (medl. 150,-), u. 26 150,- (medl. u. 26 100,-)



Leirvik Elektro

Sparebanken Vest

Spesialkraft

Norsk Kulturfond

vestnorsk jazzcenter

STORD KOMMUNE
www.stord.kommune.no

FRAMLEGG OM KRINGSGRENSER

Framlegg til revidert rettleiande forskrift om
kringsgrenser for grunnskulane i Stord kommune
er sendt på høyring. Frist for å koma med
høyringsuttalar er 4. oktober 2017.

Fullstendig utlysingstekst og høyringsdokumenta finn
du på Stord kommune sine nettsider.



OPE MØTE FOR DEI MATGLADE!

Tema: Matvaretryggleik og trusselvurderingar
Foredag ved Dagfinn Torstveit

Torsdag 7. september kl. 19.30.

Bømlo Folkebibliotek, Sams Senter, Svortland
Lokale politikarar blir med, for innlegg og debatt.

Arr. Jordvernforeininga i Bømlo

BØMLO

jordvern.no

GODTRIM FOR SENIORAR I FITJAR:



startar opp igjen ved Fitjar Seniorsenter i samarbeid
med Fitjar Frivilligsentral:

TORSDAG 7. SEPTEMBER KL.11.00

Fallførebyggjande styrketrening m/stol. Oppmøte
i foajé Fitjar Kultur og Idrettsbygg. Ta med innesko
for å vera i idrettshall. Kaffi og litt å bita i ved
seniorsenter-lokala etterpå. Eigenandel kr 30,-
Møt gjerne 10.50

Helsing Fitjar Seniorsenter/Fitjar Frivilligsentral

TIPS OSS! Ring 40 40 32 40

Sunnhordland

PÅ NETT
denne veka:



,

Har du ei sak me bør skriva om?
Tips oss på tlf. 40 40 32 40 • Sentralbord tlf. 53 45 00 00



DEBUTANTAR: Arne Knarvik med sonen Olve (t.v.), og sonen sin kamerat, Ånund McMillan Havn, fekk seg ein tur på Skjepaugsvatnet med kano. – Eg jobbar litt med padleteknikken, vedgjekk Arne. FOTO: KJETIL ØSTREM



STUDENT: Andor Herrewijnen studerer norske fjordar og isbrear ved Høgskulen på Vestlandet, på Rømmetveit. Han stilte villig opp i arrangorstaben på Ut på tur-dagen søndag. FOTO: KJETIL ØSTREM

Fleire hundre ute på tur

Olve (5) og Ånund (3) padla kano for første gong Søndag.

Dei to kameratane hoppa opp den vingulete kanoen på Skjepaugsvatnet, saman med Olve sin pappa, Arne Knarvik.

– Er det første gong de er oppi ein kano? spurte me.

– Ja, kom det frå gutane.

– Er de ikkje redde for å velta?

– Nei, svarar Olve.

Det var pappa Arne som hadde fått oppgåva å padla.

– Trur de han kjem til å få til dette, då?

– Jada. Og kanskje me kan bada? Pappa, kan me bada? spør Olve.

– Nja, eg trur kanskje det blir litt kaldt, smiler Arne Knarvik.

Trioen i kanoen var tre blant

fleire hundre som sökte til Skjepåsen Søndag, i regi av den årlege Ut på tur-dagen. Det var næraast folkevandring på skogsstiane inn mot Skjepaugsvatnet, og vidare til gapahuken ved eventyrskogen.

Og vêrgudane viste seg frå si aller beste side, med strålande sol, og 18–19 grader i lufta – og langt opp på 20 talet i solsteinen.

Ordførar Gaute Epland hadde også teke turen ut i finvêret, saman med familien sin.

– Blir det kanotur på deg? ymta Sunnhordland frampå.

– Nja, eg tenkjer me prøver på tilbakevegen. Det var så stor keno no, svara Epland orsakande.

Det er Stord/Fitjar turlag, i samarbeid med Barnas turlag, som står som arrangerer av Ut på tur-dagen. I år godt hjelpe av studentar ved Høgskulen på Vestlandet.

Andor Herrewijnen går på firiremainadessstudiet Fjords and

Glaciers, og var glad for å koma seg ut i sola.

– Me har innsjøar i Nederland. Men likevel ikkje slik natur som de har her i Noreg. Det er nydeleg, og me må gjera det

beste ut av det, må me ikkje? smiler nederlendaren.

►Kjetil Østrem

kjetil@sunnhordland.no




STINN BRAKKE: Fleire hundre turlagde stordabuar fann vegen til skogs søndag. FOTO: LESARFOTO

VÊRET

I dag:

Det blir sol.



I morgen:
Oversky og regn av og til.



Onsdag — Torsdag —



Flo/Fjære Leirvik:

	Idag	Imorgen
Flo	kl. 10:57	11:33
Fjære	kl. 23:05	23:41

Data frå Kartverket sjeldvisjonen, Tnr. 13/G725

Idag Imorgen

Sola ☀ Opp kl. 06.40 06.42

Ned kl. 20.31 20.28

Månen ☾ Opp kl. 20.05 20.26

Ned kl. 03.59 03.15

Dagen er 4 tim. og 58 min.

kortere siden sommersolverv.

© SMHI Grafikk/Bulls **SMHI**

Salsgaranti
EiendomsMegler 1

Ikkje sal, ingen kostnad – Enklare kan ein vel
ikkje uttrykkja ein fordel som berre er din?

Kontakt oss når du skal selja eller kjøpa bustad!

Ove Sagenes, tlf. 928 06 333, ove.sagenes@em1.no

Bente Faksnes, tlf. 926 33 943, bente.faksnes@em1.no

Birgitte Amalie Liknes, tlf. 51 91 55 34, birgitte.liknes@em1.no

Nils Magne Svendsen, tlf. 473 83 895, nils.magne.svendsen@em1.no

